

Styret

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari Skeie Ljones – nestleiar, Helene M. Bolstad - nestleiar, Aslak O. Brimi (under sakene 8-15), Tor Stallvik (på torsdag, under saken 1-7,9-11), Ellen Persvold (på fredag, under sakene 3, 8, 12-15), Åshild Vettrhus (under sak 2013/12)

Frå administrasjonen: Dagleg leiar Linda Dyrnes, Rannveig Djønne (under sakene 1-7, 9-11, og sak 13), Marit Vestrum (under sakene 3 og 8), Andreas Ljones (under sak 13) og Anbjørg Myhra Bergwitz (under sakene 12 og 13)

Tid: Torsdag 24.januar kl. 11.00-17, fredag 25.januar kl.09.00-16.00

Stad: Schous

Sakliste

- Styresak 2013/01 Innkalling og sakliste**
- Styresak 2013/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**
- a) Førebels rekneskap for 2012
 - b) Driftsrapport for 2012
 - c) Driftsrapport per 17.01.2013
 - d) Møte med Austnorsk folkemusikksenter
 - e) Eventuelt
- Styresak 2013/03 Utnemning av heidersmedlem i Folkorg**
- Styresak 2013/04 Årsmøte – saker, seminar og program**
- Styresak 2013/05 Søknad om medlemskap; Enebakk spelemannslag**
- Styresak 2013/06 Utsending frå FolkOrg til årsmøte i områdelag**
- Styresak 2013/07 Årets lokallag og årets folkemusikkarrangør**
- Styresak 2013/08 Retningslinjer mot seksuell trakassering**
- Styresak 2013/09 Revidering av tevlingsreglementet for kappleikar i regi av FolkOrg**
- Styresak 2013/10 Landskappleiken 2013: Godkjenning av billettprisar og påmeldingsavgift**
- Styresak 2013/11 Landskappleiken 2013: Godkjenning av tevlingsprogrammet**
- Styresak 2013/12 Folkelarm – vegval og avklaringar for 2013**
- a) Folkelarm og organisasjonsform
 - b) Planar og retning for Folkelarm 2013 - drøftingssak
- Styresak 2013/13 Handlingsplan revidering**
- Styresak 2013/14 Budsjett 2013 og 2014**
- Styresak 2013/15 Eventuelt**

Styret

Styresak 2013/01 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2013/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Førebels rekneskap for 2012
- b) Driftsrapport for 2012
- c) Driftsrapport per 17.01.2013
- d) Møte med Austnorsk folkemusikksenter
- e) Eventuelt
 - Unesco
 - Plan for årboka
 - Årsmelding
 - Personalsituasjonen

Vedtak: Orienterings- og referatsakene vert teke til orientering, med desse merknadane:

- d. Det er vanskeleg å gi råd om vidare drift, det er viktig at informasjon frå dialogmøtet som Norsk kulturråd har invitert kompetansenettverka til vert med i bakgrunnen for ei avgjersle.
- e.
 - Unesco; det har vore ei misforståing i høve fristar frå Norsk kulturråd. Dagleg leiar tek kontakt med RFF og drøftar kva dei har gjort og kva vi kan gjere no.
 - Styret godkjenner plan for årboka 2012. Den vert lansert på Landskappleiken.
 - Administrasjonen sender utkast til årsmelding til styret før neste styremøte, slik at dei kan kome med innspel før endeleg handsaming i styret i mars.
 - Styreleiar oppmoda styremedlemma som ikkje kan stille på møta om å melde forfall så tidleg som mogleg, slik at varafolk har høve til å kome.

Styresak 2013/03 Utnemning av heidersmedlem i Folkorg

Vedtak: Jon Jelmert vert utnemnt til heidersmedlem i Folkorg.

Styresak 2013/04 Årsmøte – saker, seminar og program

Vedtak:

Årsmøtet 2013 handsamar desse sakene:

- årsmelding
- rekneskap
- Revidering av handlingsprogram
- fastsetjing av medlemspengar
- budsjett
- oppnemning av revisor

Styret

- innkomne saker
- retningsliner mot seksuell trakassering.
- val av tillitsfolk

Meldt sak frå Naustedal:

Administrasjonen sender ei oppklaring på de meldte problema. Spørje om de framleis meiner at dette skal opp i på årsmøtet. Styret er av den oppfatning at dette ikkje er ei årsmøtesak.

Seminarprogram:

- Folkemusikk og folkedans i kulturskolen.
- Rekruttering og medlemspleie for lokallag. Innlegg frå dei nominerte til årets lokallag, så gruppearbeid.

Styresak 2013/05 Søknad om medlemskap; Enebakk spelemannslag

Vedtak:

Enebakk spelemannslag sin søknad om medlemsskap i FolkOrg blir godkjent med atterhald om at dei endrar punkt «§3 Tilknytninger» i statuttane.

Styresak 2013/06 Utsending frå FolkOrg til årsmøte i områdelag

Vedtak:

Desse representantane frå FolkOrg vitjar årsmøta i områdelaga:

Trøndelag Folkemusikklag,	Oppdal	16/2	Marit Vestrum
Sogn og Fjordane folkemusikklag	Førde	3/3	Marit Vestrum
Hedmark Folkemusikklag,	Ringsaker	2/3	Per Øyvind Tveiten
Hordaland folkemusikklag		6/3	Per Øyvind Tveiten
Buskerud Folkemusikklag	Sigdal	9/3	Ellen Persvold
Møre og Romsdal Folkemusikklag Vestnes		9/3	Linda Dyrnes
Valdres Folkemusikklag		18/3	Marit Vestrum
Gudbrandsdal Folkemusikklag		6/4	Mari Skeie Ljones

Vi har ikkje fått dato frå Telemark, Vest-Oppland og Saffa.

Styret

Styresak 2013/07 Årets lokallag og årets folkemusikkarrangør

Vedtak: Styret godkjenner framlegg til kriteria, framdriftsplan og reisegodtgjersle i samband med kåringa av årets lokallag og folkemusikkarrangør 2013.

Styresak 2013/08 Retningslinjer mot seksuell trakassering

Vedtak: Administrasjonen tek med innspela frå styremøte 2013/01 i det vidare arbeidet med «Retningslinjer mot seksuell trakassering og misbruk for FOLKORG». Revidert framlegg vert lagt fram i styremøte 2013/02 og endeleg handsama under årsmøtet 2013.

Styresak 2013/09 Revidering av tevlingsreglementet for kappleikar i regi av FolkOrg

Vedtak: Administrasjonen tek med innspela frå styret i det vidare arbeidet med revidering av tevlingsreglementet. Det vert endeleg handsama på styremøte 2013/02 saman med reglement for eit samla arrangement .

Styresak 2013/10 Landskappleiken 2013: Godkjenning av billettprisar og påmeldingsavgift

Vedtak: Styret i FolkOrg godkjenner billettprisane og påmeldingsavgiftene for Landskappleiken 2013.

Styresak 2013/11 Landskappleiken 2013: Godkjenning av tevlingsprogrammet

Vedtak: Styret i FolkOrg godkjenner tevlingsprogrammet for Landskappleiken på Røros 2013. Vi ber om at dei finn ei betre plassering for langeleik/fløyte jr/sr, t.d. fredag kl.18. Dersom det vert mindre endringar i oppsettet som skal godkjennast, så delegerer styret dette til AU.

Styresak 2013/12 Folkelarm – vegval og avklaringar for 2013 Folkelarm og organisasjonsform

- a) Folkelarm og organisasjonsform
- b) Planar og retning for Folkelarm 2013 – drøftingssak

Vedtak:

- a) I revidert handlingsplan set vi inn eit nytt tiltak som seier vi skal arbeide for å etablere Folkelarm som eiga eining innan 2017.
- b) Signala frå styret vert tekne med i det vidare arbeidet.

Styret

Styresak 2013/13 Handlingsplan revidering

Vedtak:

Administrasjonen innarbeider dei signala styret kjem med i handlingsplanen og legg fram nytt framlegg til endeleg godkjenning på styremøte 2013/02.

Styresak 2013/14 Budsjett 2013 og 2014

Vedtak: *Administrasjonen innarbeider signala frå styret i budsjett 2013 og 2014 og legg fram endelege framlegg på styremøte 2013/02.*

Styresak 2013/15 Eventuelt